



Kenneth Tredal og Cecilie Wiken Moberg
Leknesvegen 134
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6559 - 15/7423

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
27.03.2015

Igangsettingsløyve 2 - gbnr 214/97 Fyllingsnes - endring av løyve

Tiltakshavar: Kenneth Tredal og Cecilie Wiken Moberg, 5915 Hjemås
Ansvarleg søkjar: Sjøkanten Eiendomsutvikling AS, 5916 Isdalstø
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting del 2, med endring av løyve. Endringa gjeld nye teikningar av hytta og støttemurar med ny prosjekterande. Søknad om gangsettingsløyve nr 2 omfattar resten av arbeidet med tiltaket.

Kommunen har i vedtak av 07.12.2012 gjeve rammeløyve og løyve til igangsettingsløyve 1 gjeve 20.11.2014. Det vert elles vist til søknad motteken 12.03.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.03.2015. og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket Sjøkanten Eiendomsutvikling AS org.nr. 985720398 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) hele tiltaket.



Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Sjøkanten Eiendomsutvikling AS org.nr.985720398, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) hele tiltaket.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Stendal VVS AS org.nr. 980626180 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) innvendig sanitæranlegg i hytte.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Stendal VVS AS org.nr. 980626180 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) innvendig sanitæranlegg i hytte.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Lindås kommune Geodataavd. org.nr. 935084733 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) byggplassering.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Føretaket Byggmester Nils J. Solend AS org.nr. 975333078 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde kontroll (KTR) våtromsarbeider og tetthetsmåling.

Føretaket har erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utfører arbeidet.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

VEDTAK:

1) Kommunen godkjenner søknad om endring av løyve og igangsettingsløyve for resten av arbeidet, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Endringa gjeld nye teikningar av hytta og støttemurar med ny prosjekterande. Søknad om gangsettingsløyve nr 2 omfattar resten av arbeidet med tiltaket.

Elles gjeld vilkåra i rammeløyve datert 07.12.2012 og igangsettingsløyve 1 datert 20.11.2014

2) Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
-------	----	---------------	------------------	-------------	-----

PRO	1	Heile tiltaket	Sjøkanten Eiendomsutvikling AS/ Trond Gloppen	985720398	S
PRO	1	Innvendig sanitæranlegg i hytte	Stendal VVS AS	980626180	S
UTF	1	Heile tiltaket	Sjøkanten Eiendomsutvikling AS	985720398	S
UTF	2	Innvendig sanitæranlegg i hytte	Stendal VVS AS	980626180	S
UTF	1	Byggplassering	Lindås kommune Geodataavd.	935084733	L
KTR	1	Våtromsarbeider, tetthetsmåling	Byggmester Nils J. Solend AS	975333078	L

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er ein føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fv). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fv. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fv. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6559

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Tiltak etter Pbl §20-1	Gebyr
10.2.8 Løyve til igangsetting	Kr. 2.900,-
10.2.9 Godkjenning av ansvarsrett	
A) Kr. 1000,-pr føretak som har sentral godkjenning x1	Kr. 1.000,-
B) Kr. 2.500,- pr føretak som ikkje har sentral godkjenning x2	Kr. 5.000,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 8.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

Kenneth Tredal og Cecilie Wiken
Moberg
Sjøkanten Eiendomsutvikling A/S

Leknesvegen 134 5915
Alverneset 24 5916

HJELMÅS

ISDALSTØ